

# Ålesund kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Sak nr.:** 26/21

**Møtedato:** 26.05.2021  
**Sakshandsamar:** Solveig Kvamme

---

## MØTEPLAN HAUSTEN 2021

---

### Bakgrunn

Møteplan for Ålesund kontrollutval for hausten 2021 er sett opp slik at første møte kjem allereie 18. august, andre møte er 13. oktober som er i haustferien og siste møte er sett til 8. desember som er dagen før Ålesund kommunestyre har sitt desembermøte.

Vi tek utgangspunkt i den møteplanen for kommunestyret som er gjort kjent på Ålesund kommune sine heimesider.

Der er grunn til å sjå på om ein bør endre møteplanen for kontrollutvalet noko.

### Vurdering

Det er ein fordel om møta i kontrollutvalet ligg i forkant av kommunestyremøta slik at det kontrollutvalet ynskjer å kommunisere til kommunestyret er av relativ fersk dato.

Første kommunestyremøte hausten 2021 er 23. september. Første møte i kontrollutvalet kan då med fordel vere litt seinare enn 18. august og vi foreslår 1. september.

Andre møte i kontrollutvalet kan då med fordel vere etter haustferien og i forkant av kommunen sin budsjettprosess i formannskapet og 20. oktober vert foreslått.

Siste møte i desember kan godt vere så tidleg at ein kan rekke siste kommunestyremøte som er 9. desember og derfor vert 1. desember foreslått.

### Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek følgjande datoar for sine møter hausten 2021:

1. september

20. oktober

1. desember